

Sykkylven sokneråd

## **Møte i Sykkylven sokneråd 15. mars 2016**

**Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30**

**Desse møtte:** Helge Standal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Liv Nordli Hole, Janne Beate Svindseth, Per Bjørnar Tynes og Knut Henning Aursnes.  
Björg Djupvik Grebstad møtte frå sak 15/16.

### **Sak 12/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent.*

### **Sak 13/16 Godkjenning av referat frå møte 09.02.2016**

*Vedtak: referatet vart godkjent.*

### **Sak 14/16 Fokus-kurs på Angvik gamle handelssted.**

Hausten 2014 var staben og sokneråda i Ikornnes og Sykkylven på eit kurs kalt FOKUS i Stavanger (sjå vedlegg). Dette kurset var svært inspirerende og ga mange tankar for vidare arbeid i kyrkjelydane. I ettertid har både Erlend Lunde og Helge Standal hatt permisjonar (Erlend 1 mnd. og Helge 2 mnd.) for å arbeide vidare med innhaldet i kurset, med siktemål om å tenke ein strategi for kyrkjelydsarbeidet i Sykkylven.

No arrangerer Misjonshøgskulen i Stavanger i samarbeid med Møre bispedømme eit nytt FOKUS-kurs, her i Møre, på Angvik Gamle handelsstad, 29.sept. – 1. oktober. (Merk at det er frå TORSDAG kveld, ikkje frå FREDAG kveld som det står i vedlegget).

Det nye soknerådet drøfta i førre møte om dette er noko for dei å vere med på, for å få del i same tankar og opplæring som det fleire i staben har vore med på i 2014.


Påmeldingsfristen er 1. april 2016, og påmelding innan denne fristen gir 50% redusert kostnad. Følgjande melde seg på kurset:

Helge Standal, Torbjørn Støylen, Janne Svindseth, May Lisbeth Aurdal, Björg Djupvik Grebstad, Per Bjørnar Tynes og Knut Henning Aursnes  
Helge Standal høyrer om nokon frå staben vil vere med.

### **Sak 15/16 Årsmelding og rekneskap**

Svein Erik Kampenes har skrive utkast til årsmelding for 2015, som vart lagt fram til soknerådsmøtet.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner årsmeldinga med små språkjusteringar og at det vert tatt med at soknet har vore utan ungdomsdiakon i 2015.*



## Sykkylven sokneråd

### **Sak 16/16 Utsmykking av kyrkjestova**

Soknerådet ynskjer å opprette eit utval som skal sjå på kva som skal pryde veggane i kyrkjestova og garderobedelen nede. Ein kan vurdere om eksisterande lamper i kyrkjestova skal vere med vidare. Vi ynskjer at det som skal vere på veggane skal formidle noko som samsvarer med det bygget vi er i.

*Vedtak:*

*Soknerådet gir utvalet mandat til å hente inn forslag på utsmykking av kyrkjestova og garderobedelen og legge dette fram for soknerådet. Soknerådet drøfta fram forslag til medlemmer til utvalet. Torbjørn Støylen får mandat til å setje saman eit utval.*

### **Sak 17/16 Innkjøp av nye kasseroller til kjøkken**

Dei fleste store pannene på kjøkkenet i underetasjen er av aluminium. Desse er no modne for utskifting.

*Vedtak: Soknerådet løyver kr. 10.000,- til kjøp av nye panner.*

### **Sak 18/16 Utsmykking av våpenhuset**

Det har tidligare vore omsnakka at våpenhuset burde få eit anna interiør. Det har kome fram tankar om setegruppe, skjermar for informasjon osv.

*Vedtak: Soknerådet ber utsmykkingsnemnda om å legge fram eit forslag til ny innreiing/utforming av våpenhuset med skjermar for informasjon og eventuelt setegruppe.*

### **Sak 19/16 Misjonsutval**

Det har og kome forslag om at misjonsutvalet skal dekke begge sokna i bygda.

*Vedtak: Arbeidsutvalet får mandat til å oppnevne eit misjonsutval, enten saman med Ikornnes eller for Sykkylven åleine.*


### **Orientering om:**

Oppheng av ei ekstra garderobeplate i kyrkjekjellaren.

Årsmøte i Sykkylven sokn: 10. april etter gudstenesta.

Soknerådet vart orientert om at ungdomsdiakonen hadde sagt opp stillinga si.

Monica Breivik Orre orienterte om at ho ønskjer å få i stand eit breiare barne- og ungdomsarbeid. Soknerådet kom med råd og synspunkt på aktuelle kandidatar til dette arbeidet.



Sykkylven sokneråd

### Møteplan for 2016:

Dato	Aktivitet
10. mai	
7. juni	Giverteneste: Kva gjer vi for å auke deltakinga?
2. september	Felles samling i soknerådet og staben på Orreneset
11. oktober	
8. november	
6. desember	Evaluering av året. Val av leiar, nestleiar og referent

Referent: Knut Henning Aursnes